



## KONTROLLUTVALET I SAMNANGER KOMMUNE ÅRSMELDING FOR 2010

### OM KONTROLLUTVALET:

#### 1. **Kontrollutvalet sine oppgåver**

Kontrollutvalet sine oppgåver kjem fram i "Forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner". Kontrollutvalet skal føra tilsyn og kontroll med den kommunale forvaltninga på vegne av kommunestyret, og sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning.

Kontrollutvalet sine oppgåver omfattar alt innanfor tilsyn og kontroll, m.a. rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon, selskapskontroll og andre oppgåver. Utvalet skal vera kommunestyret sitt kontrollorgan, og kommunestyret kan pålegga kontrollutvalet saker. Kontrollutvalet vel elles sjølv saker dei vil handsame, og skal melde tilbake til kommunestyret om sin aktivitet. Årsmeldinga frå kontrollutvalet til kommunestyret er ein av måtane å rapportere på.

Kontrollutvalet kjøper sekretariatstenester frå Hordaland fylkeskommune. Sekretariatet skal til ei kvar tid yta kontrollutvalet dei tenestene som utvalet har trong for. Sekretariatet skal etter forskrifta m.a. sjå til at dei sakene som vert handsama i kontrollutvalet, er forsvarleg utgreidde. Sekretariatet gjev innstilling i saker til kontrollutvalet.

#### 1.1 **Samansetjing av kontrollutvalet**

Kontrollutvalet i Samnanger har slik samansetjing:

##### Medlemmer:

Gisle Gardar Øye – leiar (H)  
Anne Gerd Tandstad – nestleiar (Sp)  
Elin Dyrsth Liøen (Ap)  
Laila Midtun (Bygdel.)  
Jens Harald Abotnes (Krf)

##### Vararepresentant:

Vibeke Bohre Våge (Frp)  
Hans Solberg (Sp)  
Osvald Lønnebakken (Ap)  
Idar Reistad (Bygdel.)  
Ove Aasebø (Krf)

Etter lova har utvalsleiar og nestleiar møte- og talerett i kommunestyret når utvalet sine saker vert handsama. Kommunikasjonen til kommunestyret er sikra ved at to av utvalet sine medlemmer også er kommunestyrerepresentantar. Dette er Laila Midtun og Jens Harald Abotnes.

### OM REVISOR:

#### 2. **Revisjonsordninga.**

Kontrollutvalet skal på vegne av kommunestyret ha tilsyn med den kommunale forvaltninga. Utvalet må halda seg orientert om kva saker revisjonen arbeider med og føra tilsyn med at revisjonsarbeidet er à jour og føregår i samsvar med forskrift og vedtak.

KPMG var revisor for Samnanger kommune fram til 30.06.10. KPMG utførte revisjonsarbeidet med rekneskapa for 2009 og la fram revisjonsmelding.

Våren 2010 vart det gjennomført tilbuds konkurranse for å velja revisor for ny periode. Etter gjennomgang og evaluering av innkomne tilbod gjorde kontrollutvalet innstilling til kommunestyret i saka:

*”Kommunestyret vel Deloitte AS som revisor frå 01.07.2010 til 30.06.2014 med opsjon for Samnanger kommune til å forlengje avtalen med 2 år.”*

Kommunestyret vedtok samrøystes innstillinga frå kontrollutvalet i møte 29.04.10., og Deloitte starta som revisor for Samnanger kommune frå og med 01.07.10.

Etter at Deloitte starta som revisor for kommunen har selskapet lagt fram erklæring om uavhengighet og revisjonsplan for planlagt arbeid. Notat om revisjonsmandat, som definerer kva arbeidet til revisor inneber, er og lagt fram for kontrollutvalet.

På grunnlag av revisjonen sine rapportar, rekneskapsplan og annan informasjon, har kontrollutvalet ført tilsyn med at forvaltninga er i samsvar med gjeldande lover, forskrifter og vedtak. Utvalet skal vidare i samarbeid med revisjonen gjennomføra ei systematisk vurdering av bruk og forvaltning av dei kommunale midlar, med utgangspunkt i oppgåver, ressursbruk og oppnådde resultat (forvaltningsrevisjon).

Til dagleg er det den valde revisor som utfører tilsynet og kontrollen mot kommunen, men kontrollutvalet har eit eige ansvar med å sjå til at arbeidet vert tilfredstillande utført. Kommunelova stiller krav om at utvalet sjølv må visa ei aktiv haldning. For å få utført det arbeid utvalet er pålagt, er ein avhengig av god kommunikasjon med kommunestyret, administrasjonen i kommunen og revisor. Samarbeidet med dei aktuelle aktørar har vore godt i 2010.

## **OM SEKRETARIATSTENESTA:**

### **3. Sekretariatsordninga**

I kommunelova § 77 pk.10 står det at kommunestyret skal søgja for sekretærbistand til kontrollutvalet. Sekretærfunksjonen kan ikkje leggest til kommunen sin administrasjon.

Forskrift om kontrollutval § 20 seier at kommunestyret skal sørgja for at kontrollutvalet har sekretariatsteneste som tilfredstiller utvalet sitt behov. Sekretariatet skal til ei kvar tid yte kontrollutvalet den bistand som kontrollutvalet har trong for.

Sekretariat for kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune utfører sekretariatstenesta for kontrollutvalet i Samnanger. Kari Nygard har vore sekretær på alle møta.

Sekretariat for kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune har fire stillingar, og er sekretariat for kontrollutvalet i fylkeskommunen, samt kontrollutvala i desse kommunane: Samnanger, Kvinnherad, Stord, Fitjar, Bømlo, Tysnes, Austevoll, Ulvik, Eidfjord, Kvam, Ullensvang, Odda, Voss, Fusa, Øygarden og Sund. Sekretariatet utfører og sekretær oppgåver for Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT), som er eit landsdekkande interesseorgan for kontrollutvala og deira sekretariat.

#### **3.1 Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT)**

Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT) er ein møte- og kompetanseplass, først og fremst for kontrollutvala, men også for deira sekretariat. Kontrollutvalet i Samnanger har gjort vedtak om å bli medlem i FKT frå og med 2011. I 2010 hadde FKT sin årlege fagkonferanse og årsmøte på Gardermoen. På heimesida til FKT vert det samla aktuell informasjon og døme på rapportar etter arbeid med forvaltningsrevisjon og selskapskontroll frå kommunane. Det vert og sendt ut medlemsbrev som inneheld aktuell informasjon om saksfeltet kontroll og tilsyn.

## FØREMÅL OG OPPGÅVER FOR KONTROLLUTVALET I SAMNANGER KOMMUNE:

### 4 *Føremål og oppgaver*

Kontrollutvalet har som oppgave å føre tilsyn med den kommunale forvaltninga, på kommunestyret sine vegne. Oppgåva omfattar alt innanfor tilsyn og kontroll, både rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon, selskapskontroll og andre oppgaver.

Føremålet med kontrollutvalet sitt arbeid er å medverke til at det vert allmenn tillit til at kommunen sine oppgaver vert løyst på best mogleg måte, og i samsvar med gjeldande lover og forskrifter.

## OVERSYN OVER SAKER TIL HANDSAMING:

### 5 *Arbeid i kontrollutvalet i 2010*

Kontrollutvalet hadde 6 ordinære møter og handsama 44 saker i 2010. Møta vart haldne for lukka dører i samsvar med kommunelova sin hovudregel § 77.8. Ordførar har møterett i kontrollutvalet og har møtt på nokre av møta. Rådmann og andre tilsette i kommunen har møtt når dei har vore innkalla til møter. Revisjonen har og delteke på dei fleste møta i kontrollutvalet. Kontrollutvalet har fått tilgang til den informasjon det vart bede om.

#### 5.1 *Viktige saker til handsaming i 2010*

Av dei viktigaste sakene kan nemnast:

- Rekneskap og årsmelding for Samnanger kommune for 2009.
- Årsmelding for kontrollutvalet for 2009.
- Budsjett for kontrollutvalet og budsjettprosessen
- Val av revisor – innstilling til kommunestyret
- Oppfølging av tidlegare forvaltningsrevisjonar og saker
- Kontrollrapport 2009 vedr. skatteoppkrevjarfunksjonen i Samnanger kommune
- Evaluering av plan for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll for 2008-2011
- Vurdering av om møta i kontrollutvalet skal vere opne eller lukka
- Utvalet har og som fast punkt på saklista – ”utvalet sitt kvarter”, samt meldingar og orienteringssaker.

#### 5.2 *Tilsyn i Samnanger kommune frå Fylkesmannen i Hordaland*

Når Fylkesmannen gjennomfører tilsyn i kommunane, vert det utarbeida rapport etter tilsynet, som vert sendt til kommunen. I rapportar etter slik gjennomgang av tenestemråde, gjev Fylkesmannen tilråding, melding eller pålegg til kommunen om kva som bør følgjast opp innanfor saksfeltet. Når påpeikingane er følgd opp / utført på ein tilfredstillande måte, sender Fylkesmannen melding om at tilsynssaka er avslutta. Kontrollutvalet ser det som ein av sine oppgaver å følgja med i slike tilsynssaker. Fylkesmannen har gjennomført tre tilsyn i Samnanger kommune i 2010:

##### *- Tilsyn med Samnanger kommune sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap:*

I rapporten etter tilsynet er det skreve:

*”Samnanger kommune har ikkje utarbeidd overordna ROS-analyse, jf. § 15 a i lov av 17. juli 1953 nr. 9 om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og sivilforsvaret.*

*Det vart gjeve følgjande merknader:*

1. *Kommunen sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap får ikkje tilstrekkeleg merksemd og manglar forankring.*
2. *Kommunen sitt overordna mål innan samfunnstryggleik og beredskap er ikkje brote ned i ulike delmål og årsmål.*
3. *Kommunen sin beredskapsplan er gamal og treng oppdatering.*

4. *Kommunen har ikkje rutinar for systematisk kompetansekartlegging og kompetanseutvikling.*”

Kontrollutvalet har i november 2010 etterspurt, og fått svar frå administrasjonen på korleis kommunen vil arbeida med å følgja opp påpeikingane i rapporten:

*”Samnanger kommune har frist for å lukka avviket til 14. mai 2011. Dette er eit noko omfattande arbeid som me diverre ikkje har kunne prioritert pga. sjukefråvær. Det betyr at me må setja inn mykje ressursar på dette området fram mot mai 2011. I utgangspunktet er det ikkje bedt om ekstra ressursar til arbeidet, dvs. at me har til hensikt å gjera arbeidet sjølv. Det finst ein del tilbud i marknaden, men me vurderer at nytten av arbeidet vil vera vesentleg høgare om me gjer det sjølv. Brannsjefen, som også er beredskapskontakt, vil saman med rådmannen stå for arbeidet evt. saman med nyttilsett planleggjar.*

**- Tilsyn som gjeld handsaming av søknader om økonomisk sosialhjelp i Samnanger kommune:**

I samandraget i rapporten heiter det:

*”Fylkesmannen skal i 2010 gjennomføre landsomfattande tilsyn med sosiale tenester i NAV. Formålet med tilsynet er å undersøkje om kommunen gjennom sin styringsaktivitet sikrar at søkjar sin rett til økonomisk stønad vert ivareteke, og styrke tenestene og rettstryggleiken for brukarane.*

*Denne rapporten gjer greie for dei avvik og merknader som vart påpeikte innanfor dei områda som vart kontrollerte. Systemrevisjonen gjaldt følgjande område:*

*Om kommunen sikrar at søknader om økonomisk stønad vert handsama i samsvar med lov og forskriftskrav. Under dette om kommunen sikrar at det vert føreteke individuelle vurderingar. Det vart sett på:*

- *korleis søknader vert handtert*
- *korleis kartlegging/innhenting av relevante opplysningar skjer*
- *korleis vurderingar vert gjort og avgjerder vert tatt.*

*Det vart gitt to avvik:*

- *Samnanger kommune sikrar ikkje at det vert innhenta naudsynnte opplysningar ved handsaming av søknadar om økonomisk stønad*
- *Kommunen sikrar ikkje at søknader om økonomisk stønad vert avgjort etter ei konkret individuell vurdering”*

Kontrollutvalet har og følgd opp arbeidet etter dette tilsynet. Administrasjonen har meldt frå om at det er oppretta / endra rutinar for områda som er påpeika. Men Fylkesmannen seier seg ikkje nøgd med oppfølginga, og ber om at det vert arbeidd vidare med implementering av rutinane, opplæring og korleis ein skal identifisera feil som kan oppstå. Kommunen har fått svarfrist til 20.06.11 med å melda tilbake til Fylkesmannen om dette arbeidet.

**- Tilsyn som gjeld Samnanger kommune sine tiltak for å førebyggje og behandle underernæring hjå eldre i heimetenesta:**

I rapporten etter tilsynet er det påpeika eit avvik frå sosial- og helselovgjevinga:

*”Kommunen sikrar ikkje at identifisering, kartlegging og oppfølging av tiltak for å førebyggje og behandle underernæring hos eldre som får heimetenester er i samsvar med gjeldande faglege retningslinjer på området.”*

Administrasjonen har meldt tilbake til Fylkesmannen om tiltak som er sett i verk for å lukke avviket. Av tiltak som er sett i verk kan nemnast: opplæring og informasjon til tilsett, informasjon til innbyggjarane, vurdering av journalsystem, utarbeiding av prosedyrar, mellom anna samarbeidsrutiner mellom Samnangerheimen og heimetenesta.

Kontrollutvalet har fått informasjon om oppfølgingsarbeidet, og utvalet vil følgja med vidare i 2011 når det gjeld Fylkesmannen si godkjenning av dei tiltak som er sett i verk.

## **ARBEID MED FORVALTNINGSREVISJON:**

### **6 Arbeid med forvaltningsrevisjon i 2010**

Kontrollutvalet har ikkje gjennomført nye prosjekt innan forvaltningsrevisjon i 2010. Men utvalet har i løpet av året prioritert arbeidet med å evaluera gjeldande planar for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll. Halvparten av prosjekta i gjeldande plan var nå gjennomført, og kontrollutvalet ønskte å vurdera om det var grunnlag for å vurdera endringar, eller sjå på om det var nye, aktuelle prosjekt.

Dette evalueringsarbeidet var gjennomført hausten 2010, og dei justerte planane vart lagt fram for kommunestyret, som godkjende dei, våren 2011.

Liste over prioriterte forvaltningsrevisjonsprosjekt (dei seks første):

1. Pleie- og omsorgssektoren
2. Internkontroll
3. Organisering og bemanning i sentraladministrasjonen
4. Opplæring og spesialundervisning
5. Vedlikehald av kommunale bygningar
6. Kapasitet teknisk eining

Kontrollutvalet vil følgja opp plan for forvaltningsrevisjon i 2011.

#### **6.1 Oppfølging av tidlegare forvaltningsrevisjonar**

I 2009 gjennomførte kontrollutvalet to forvaltningsrevisjonar:

- Prosjekt med å sjå på "Offentlege innkjøp"
- Prosjekt med å sjå på administrative rutinar for iverksetting av politiske vedtak og for rapportering til politiske utval.

Begge desse prosjekta har kontrollutvalet bede om orientering frå administrasjonen om kva arbeid som vert sett i verk for å følgja opp tilrådingane i rapportane etter forvaltningsrevisjonane.

#### Offentleg innkjøp i Samnanger kommune:

I rapporten etter denne forvaltningsrevisjonen er det gjort tilråding om:

- At det vert etablert felles rutinar og sjekklister for å sikre at ein tek i vare dei grunnleggande krava til innkjøp.
- At det vert utpeika ein person som kan vere innkjøpsfagleg støttespelar for kommunen
- Bruk av og tett oppfølging inn mot innkjøpssamarbeidet med Bergen kommune.

Innkjøpsreglement for Samnanger kommune er utarbeida i 2010. Reglementet gjeld for alle tilsett i Samnanger kommune, og ivaretek dei påpeikingane som er gjeve i rapporten etter forvaltningsrevisjonen. Reglementet er vedteke av rådmann 13.04.10., og gjeld frå 01.05.10. Kontrollutvalet har fått orientering om arbeidet med å ta reglementet i bruk, og seier seg, så langt, nøgd med oppfølginga. Men utvalet har og uttalt at ein ønskjer å følgja med vidare når det gjeld å sjå om føremålet med reglementet vert oppnådd.

#### Administrative rutinar for iverksetting av politiske vedtak og for rapportering til politiske utval:

Då rapporten etter denne forvaltningsrevisjonen vart handsama i kommunestyret, vart det gjort følgjande vedtak, etter tilråding frå kontrollutvalet:

"Kommunestyret ber rådmann syta for:

- o Å sikra administrativ kontroll med iverksetting og oppfølging av politiske vedtak, ved å utarbeida rutinar for dette området.

- o *Å utarbeida rutinar for systematisk og jevnleg rapportering til kommunestyre og politiske underutval, når det gjeld status for iverksetting av tiltak.*
- o *Kommunestyret ber om tilbakemelding vedr. arbeidet med å få på plass rutinar innafor dette området. Slik melding skal leggest fram på juni-møtet i kommunestyret 2010.*

Rådmann har orientert kontrollutvalet om status når det gjeld oppfølging av punkta som vart påpeika, seinast i møte 07.12.10. Følgjande vart meldt:

*”Dette er eit av dei tiltak som me har måtte prioritera lågare enn føresett pga. sjukefråvær. Arbeidet er føresett teke opp att etter nytt år. Det er likevel gjort visse forbetringar.*

- *Økonomirapporteringa vert gjort skriftleg til kommunestyret. Arbeidet er lagt til økonomisjef.*
- *Det vert rapportert om status på større prosjekt til styringsgruppene. Dette vert gjort til kvart møte og som hovudregel er den skriftleg i tillegg til ei muntleg orientering.”*

Det er bede om ein rapport om stoda i dette arbeidet pr. 31.12.10, og rådmann har svara slik: *”Viser til svaret av 7.12.2010 og kan stadfeste at arbeidet er teke opp att. Til møta i april vil me forsøke ut eit skjema som fylgjer vedlagt denne e-posten. Om det er tilstrekkeleg og om skjema fungerer etter føremålet vil me venteleg få svar på etter eit par forsøk. Me vil laga slik rapport til kvart av utvala.”*

## **ARBEID MED SELSKAPSKONTROLL:**

### **7     *Arbeid med selskapskontroll i 2010***

Arbeid med selskapskontroll er ei av dei pålagte oppgåvene til kontrollutvalet. Det er ikkje gjennomført konkrete prosjekt innan selskapskontroll i 2010. Gjeldande plan for selskapskontroll for 2008 – 2011 vart evaluert saman med plan for forvaltningsrevisjon i 2010.

I den evaluerte planen er det konkludert med:

*”Etter ei evaluering av gjeldande plan for selskapskontroll, vurderer kontrollutvalet det dit hen at det ikkje blir gjort endringar i prioritert rekkjefølgje for gjennomføring av selskapskontroll i selskap som fell inn under § 80 i kommunelova. Kontrollutvalet merkar seg likevel at Norheimsund Industrier AS kan vere eit aktuelt selskap for selskapskontroll i løpet av attverande planperiode.*

*Kontrollutvalet vurderer det som mest relevant å prioritere ein selskapskontroll av eigarskapsforvaltninga i Samnanger kommune. Føremålet med gjennomføring av ein slik kontroll vil vere å undersøke og vurdere korleis kommunen forvaltar eigarskap i selskap dei har eigarinteresser i.”*

Kontrollutvalet vil også følgja opp plan for selskapskontroll i 2011.

## **ORIENTERINGSSAKER TIL KONTROLLUTVALET**

### **8     *I 2010 har det blitt gjeve orientering frå administrasjonen til kontrollutvalet i desse sakene:***

- Status for legevaktordninga i kommunen.
- Orientering etter brukarundersøking som er gjennomført innan pleie- og omsorgssektoren
- Utfordringar vedr. arbeidssituasjonen i administrasjonen med sjukemeldingar og vakante stillingar
- Budsjettkontrollrapportar for kommunebudsjettet
- Budsjettstatus for kontrollutvalet sitt budsjett
- Om rutinar / prosedyre for tilsetjingssaker
- Om nytt finansreglement som vart vedteke 14.11.10.
- Om byggeprosess ved Samnangerheimen
- Om kontrollutvalet si plassering på heimesida til kommunen

Nokre av desse sakene har kontrollutvalet sagt seg tilfreds med arbeidet som er gjort. Men i andre saker vil kontrollutvalet framleis sjå til at det vert føreteke oppfølging.

## **ARBEID MED BUDSJETT FOR KONTROLLUTVALET:**

### **9      *Prosess med kontroll- og tilsynsarbeidet sin del av kommunebudsjettet***

Kontrollutvalet har også i 2010 drøfta spørsmålet om korleis budsjett for kontrollutvalet skal fastsetjast. Det ligg innanfor kommunestyret sitt ansvarsområde å leggja til rette for å gje kontrollutvalet tilstektelege ressursar til å gjennomføra kontroll- og tilsynsarbeidet.

Det vart drøfta ulike måtar ein prosess med budsjettet for kontrollutvalet sitt område kan gjennomførast på, og både rådmann, ordførar og revisor var tilstades under drøftinga. Ein kom fram til følgjande måte å gjennomføra dette på:

- Ein rutine / som går over eit år (årshjul) bør utarbeidast, som kan beskriva kva ein vil ha gjennomført til kva tidspunkt.
- Det må leggast til grunn at det er politisk nivå som fastset ramme for kontrollutvalet sitt budsjett, og at formannskap / PØ-utval kan innstilla til kommunestyret i denne del av kommunen sitt budsjett. Endeleg fastsetjing av budsjettet til kontrollutvalet er kommunestyret sitt ansvar.
- Det må vera kommunestyret som til sist avgjer korleis budsjettprosessen innan dette området skal vera.
- Det vart peika på at ramme for budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet skal bygga på kva aktivitet som er forventa i løpet av eit år, herunder rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon, selskapskontroll, sekretærbistand og kostnader med forventa møteaktivitet i kontrollutvalet.

I kommunestyremøte 04.11.10 vart det gjort følgjande vedtak:

*”Skisse til årshjul / rutine for kontroll- og tilsynsarbeidet vert vedteke slik det er forma i saksutgreiinga. Kontrollutvalet sitt framlegg til budsjett skal liggja føre innan 1.november.”*

## **ARBEID MED REKNESKAPSREVISJON:**

### **10     *Den økonomiske situasjonen i Samnanger kommune***

Kontrollutvalet sin uttale om Samnanger kommune sin årsrekneskap for 2009 hadde bl.a. med desse opplysningane:

- driftsrekneskapen viser kr 99.653.940,- til fordeling drift
- det var eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr. 4.687.044,39
- positivt netto driftsresultat var på kr 8.592.957,70
- Netto driftsresultat omrekna i netto resultatgrad vart 5,54 % , sett opp mot sum driftsinntekter

Rådmannen skreiv m.a. slik i si årsmelding:

*”Også for 2009 kan me leggja fram eit godt driftsresultat. Rekneskapen viser at det er god kontroll på den løpande drifta, og med positive endringar i rammevilkår gir det oss overskot. Kvaliteten på tenestene våre er stort sett gode. For dei fleste områda har me høgare driftsutgifter enn gjennomsnittet for andre kommunar, noko som gjer at me i for liten grad får midlar til å jobba med utvikling og kvalitets- og effektiviseringstiltak. Det vert også nytta for lite midlar til å halda oppe standarden på kommunale eigedommar, bygningar veg og leidningsnett.*

*Skal me få til den lokalsamfunnsutviklinga som er nedfelt i kommuneplan, må det setjast av meir ressursar både til personell og kjøp av tenester.”*

Kontrollutvalet meiner at rekneskap og årsmelding for kommunen for 2009 er lagt fram på ein god måte.

#### **10.1 Skatteoppkrevjarfunksjonen**

Kontrollutvalet har og hatt kommunen sitt skatterekneskap, årsmeldinga frå skatteoppkrevjar og kontrollrapport frå Skatteetaten til handsaming.

Kontrollutvalet merka seg Skatteetaten, Skatt Vest, sin konklusjon med at Samnanger kommune har ein skatteoppkrevjarfunksjon som vert utført på ein tilfredstillande måte.

#### **KURSVERKSEMD OG OPPLÆRING:**

#### **11 Kurs og opplæring innanfor kontroll og tilsyn i 2010**

Kontrollutvalet har i 2010 gjennomført eit "miniseminar" med gjennomgang og drøfting av rapport om "85 tilrådingar for styrkt eigenkontroll i kommunene", som ei arbeidsgruppe nedsett av Kommunal- og Regionaldepartementet har utarbeida.

Sekretariatet for kontrollutvalet gav ei orientering om kontrollutvalet sine oppgåver til kommunestyret i møte 17.06.10.

Samnanger, 11.04.2011

Gisle Gardar Øye  
Leiar i kontrollutvalet